

Pedro snart klar ved grytene



Klar til innsats ved SN: Pedro Bernardo

Sommarens nyhende på mat- og serveringsfronten er fleire i Uskedalen og ein av dei heiter Pedro Bernardo (48) som er spansk og som debuterar i ei ny rolle på fredag. Fram til 15. august vil han setta sitt heimlands preg på menyen på Systrene Nilsen. Det vil særleg skje på fredagane då vertshuset lokkar med spansk aften. Men korleis kan så ein matmann frå ein landsby med 10 000 innbyggjarar liike ved Extremadura nær den portugisiske grensen ha forvilla seg inn i ein fjord på Vestlandet?

Utan å gå i detalj har linken vore Elin og Geir Enes som kjende han og som hadde sjansen til å sikra seg Pedro fyrst. Men Systrene Nilsen hadde større interesse for ein spansk kokk og denne helga var han på plass på Sanden der han også bur. Og allereie no går han ivrig inn for å gjera seg kjend i nærområdet.

Pedro kjem i frå eit område som legg stor vekt på tomatdyrking men sjølv denne verksemda er sterkt prega av arbeidsløysa i landet for tida. Det er tydeleg at Pedro har forventningar til opphaldet i Noreg og han ser ikkje bort frå at han kjem til å flytta hit med familien, Den består av kona Maria Abril og 2 gutar på 16 og 12 år og Pedro skal gjera ein freistnad på å få dei hit på ferie. Familien har i 5 år dreve restauranten Casa de las Mosas og i hans fråver er det kona som har ansvaret.

Pedro har 30 år bak seg som kokk og har flakka rundt i landet, til dømes til Madrid, Bilbao og Ibiza, men han har aldri tidlegare jobba utanom Spania. Om Norge vet han ikkje så mykje med unnatak at det er 'vikingane sitt land'. På matfronten er han overraska over at også,vi et mykje svinekjøt, men ser fram til å få stiffe nærare bekjentskap til den norske sjømaten. I det heile aktar han å læra og laga også norsk mat.

Når det gjeld drikke, håpar han å få tak i nokre smaksprøver av den gode vinen frå distriktet sitt og nevner særleg Torre Julia og Vina Puebla.

- Og så har vi høyrte at du er fotballfrelst....

- Eg er flinkare til å laga mat, men eldste sonen min er svært lovande!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

